



Statens vegvesen

## DETALJREGULERINGSPLAN



Foto: Statens vegvesen, 9. mai 2022

# Espelandsdalen

Sunnfjord kommune

Utbygging

18. mars 2024

## Innhold

<b>1</b>	<b>Innleiing</b> .....	<b>3</b>
<b>2</b>	<b>Planområdet og eigedomar som omfattast</b> .....	<b>4</b>
2.1	Planområdet .....	4
2.2	Eigedomar som omfattast av planarbeidet.....	5
<b>3</b>	<b>Planstatus og overordna føringar</b> .....	<b>6</b>
3.1	Ikkje krav om konsekvensutgreiing .....	6
3.2	Planprosess og medverknad .....	6
3.3	Andre planar og føringar .....	7
<b>4</b>	<b>Føremålet med reguleringsplanen</b> .....	<b>9</b>
<b>5</b>	<b>Masseberekning og alternativsvurdering</b> .....	<b>10</b>
5.1	Masseberekning .....	10
5.2	Alternativsvurdering .....	11
<b>6</b>	<b>Planforslaget</b> .....	<b>13</b>
6.1	Planen sine løysingar .....	13
6.2	Tekniske anlegg i planområdet.....	17
6.3	Arealbruk .....	17
6.4	Grunnforhold.....	18
6.5	Landskapsbilete.....	18
6.6	Friluftsliv, by og bygdeliv.....	24
6.7	Naturmangfald .....	27
6.8	Kulturmiljø .....	34
6.9	Naturressursar.....	38
6.10	Naturfare .....	41
6.11	Byggegrense.....	41
6.12	Støy .....	41
6.13	Klimagass .....	43
6.14	Risiko, sårbarheit og sikkerheit .....	44
<b>7</b>	<b>Sikkerhet, helse og arbeidsmiljø (SHA) og ytre miljø (YM) i byggefasen</b> .....	<b>46</b>
7.1	SHA .....	46
7.2	YM.....	46
<b>8</b>	<b>Arealbeslag</b> .....	<b>48</b>
8.1	Permanent og mellombels eigedomserverv .....	48
8.2	Endra arealbruk .....	48
<b>9</b>	<b>Vedlegg</b> .....	<b>49</b>

# 1 Innleiing

Med denne reguleringsplanen vert det sikra areal for å plassere delar av overskotsmassane frå bygginga av E39 Storehaugen – Førde, i Espelandsdalen. Det er ein eigen reguleringsplan for veganlegget som vart vedteken 16. februar 2023.

I reguleringsplanen inngår om lag 500 meter ny fv. 57. Mot aust er vegen tilpassa vegløyvinga i reguleringsplanen for E39 Storehaugen – Førde. Mot vest er vegen tilpassa den tidlegare utarbeidde reguleringsplanen for fv. 57.

Totalt er planområdet på 79 dekar. Av dette er om lag 16 dekar regulert med ulike samferdsleforemål. Resterande 63 dekar er regulert med LNF-foremål.

Om lag 23 dekar av arealet som er regulert med LNF-foremål vil etter planane vere dyrka i framtida. Dette gir ein samla reduksjon av dyrka areal innanfor planområdet på om lag 5 dekar, samanlikna med dagens situasjon. Det er oppgradering av fv. 57, og ikkje masseplasseringa, som er kjelda til dette arealtapet. Realisering av tidlegare planlagt løysing for fv. 57 ville innanfor planområdet gitt ein reduksjon i dyrka mark på om lag 11 dekar. Masseplasseringa bidreg difor til å redusere tapet av dyrka mark innanfor planområdet. Dette skuldast at ein optimaliser løysinga for fv. 57, slik at denne no ligg tettare på dagens veg, med mogelegheit for å ha dyrka mark heilt inn mot fv. 57.

Løysinga som denne reguleringsplanen legg opp til var inkludert i forslag til reguleringsplan for E39 Storehaugen – Førde som var til offentleg ettersyn i november og desember 2022, som del av ein meir omfattande oppfyllingsplan for Espelandsdalen og Espeland. Etter høyringa vart området ved Espelandsdalen og Espeland teke ut av den planen. Bakgrunnen for dette var innspel i høyringsfasen og at prosjektet har mindre overskotsmassar enn det området var planlagt for og ulemper for miljøet, noko særleg Statsforvaltaren i Vestland var sterkt kritisk til.

Detaljreguleringa fastset korleis arealet innanfor planområdet skal utnyttast, og gir rettsgrunnlag for gjennomføring av tiltaket, mellom anna grunnlag for oreigning av grunn.

Forslag til detaljreguleringsplan for Espelandsdalen i Sunnfjord kommune er utarbeidd av Statens vegvesen i samarbeid med Sunnfjord kommune og Vestland fylkeskommune. Enkelte fagrapportar er utarbeidd av konsulentar.

Forslag til reguleringsplan er lagt ut på offentleg høyring i samsvar med plan- og bygningslova §§ 3–7 og 12–10.

Reguleringsplanen består av desse dokumenta:


- Reguleringsføresegner
- Reguleringsplankart
- Planomtale
- Fagrapportar og tekniske teikningar (vedlegg til planen – sjå oversikt bakarst i planomtalen).

## 2 Planområdet og eigedomar som omfattast

### 2.1 Planområdet



Figur 2-1: Planområdet ligg langs fv. 57 like vest for E39.



Figur 2-2: Planavgrensing. Totalt er planområdet på 79 dekar.



Figur 2-3: Dronefoto frå mai 2022 av planområdet, sett frå aust

## 2.2 Eigedomar som omfattast av planarbeidet

Matrikelnummer	Adresse
210/2	Hafstadstølsvegen 427 og 429, 6975 SKILBREI
210/4	Bygstadvegen 32, 6975 SKILBREI
202/26	Inga adresse (fv. 57).

## 3 Planstatus og overordna føringar

### 3.1 Ikkje krav om konsekvensutgreiing

Forskrift om konsekvensutgreiing, vedlegg 2, seier at slike tiltak/slikt planinnhald skal konsekvensutgreiast dersom ein får vesentlege verknadar for miljø eller samfunn:

- «Bygging av veier»
- «Prosjekter for bruk av uoppdyrkede landområder eller delvis naturlige områder til intensivt landbruk, herunder nydyrking på mer enn 50 dekar. Også mindre tiltak skal behandles etter kapittel 5 og 6 dersom det ikke kan utelukkes at tiltaket kan få vesentlige virkninger for naturmangfold eller andre viktige miljøhensyn.»

Løysinga for fv. 57 gjennom planområdet har vore konsekvensutgreidd i tidlegare utarbeidd reguleringsplan for fylkesvegen. Bygging av vegar utløyer soleis uansett ikkje krav om konsekvensutgreiing i dette planarbeidet.

Nydyrkinga vil derimot utløyse krav om konsekvensutgreiing dersom det ikkje kan utelukkast at tiltaket får vesentlege verknadar for miljø eller samfunn. Innleiingsvis i dette planarbeidet er det gjort kartleggingar av verdiane både innanfor og omkring planområdet, for temaa kulturmiljø, naturressursar, naturmangfold, friluftsliv, by og bygdeliv og landskap. Sjå vedlagde fagrapportar. Basert på desse kartleggingane kan det konkluderast med at det ikkje vil verte vesentlege verknadar for miljø eller samfunn, og det kan difor konkluderast med at tiltaket ikkje utløyer krav om konsekvensutgreiing.

### 3.2 Planprosess og medverknad

Planprosessen blir utført etter plan- og bygningslova (pbl.) § 3–7 og elles reglane i kap. 12. Planen er utarbeidd av Statens vegvesen i samarbeid med Sunnfjord kommune.

Oppstartsmøte med Sunnfjord kommune vart helde 15.02.2022. I tillegg har Statens vegvesen og kommunen hatt fleire påfølgjande møter om planen.

Grunneigarane har blitt involverte i arbeidet med reguleringsplanen, og det har vore ei rekke møter mellom desse og Statens vegvesen.

Statens vegvesen varsla oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan 22.02.2022, som del av ein større reguleringsplan for E39 Storehaugen – Førde. Oppstart blei annonsert i Firda og på Sunnfjord kommune og Statens vegvesen sine internettsider.

Reguleringsplanforslag for Espelandsdalen og vidare vestover på Espeland var vidare til offentleg ettersyn i 2022. Då som del av eit større oppfyllingsområde, som inngjekk i forslag til reguleringsplan for E39 Storehaugen – Førde. Området på Espeland og Espelandsdalen vart deretter teke ut av planen og E39 Storehaugen – Førde vart sluttført utan at dette området var inkludert i planen. Dette nemnast i relasjon til medverknaden, fordi offentlegheita, inkludert offentlege myndigheiter, soleis har hatt iallfall eit liknande, men likevel vesentleg meir omfattande, planinnhald til ettersyn tidlegare.

**Førebels tekst som oppdaterast etter offentlig ettersyn av planforslaget:**

Statens vegvesen la forslag til reguleringsplan ut på høyring i tråd med pbl. § 12–10, jamfør § 3–7 i perioden X – Y. Varsling og annonsering er tilsvarande som ved oppstartsvarsel. Det har komme inn X merknader til planen. Samandrag av merknadene med Statens vegvesen sin kommentar ligg som vedlegg til planen.

Merknadene er gjennomgått saman med Sunnfjord kommune, og det er gjort endringar i plan og føresegner på bakgrunn av innspela.

### 3.3 Andre planar og føringar

#### 3.3.1 Kommuneplanen sin arealdel

Som det går fram av neste avsnitt er deler av planområdet allereie regulert. Dei delane av planområdet som ikkje er regulerte ligg i kommuneplanen sin arealdel som LNF-område. Dette gjeld både forslag til KDP som har vore på andre gangs offentlig ettersyn hausten 2023 og per tid gjeldande kommunedelplan.

#### 3.3.2 Kommunedelplan fv. 57 Båtevik–Storehaugen

Vestland fylkeskommune arbeider med kommunedelplan for fv. 57 mellom Båtevik i Bygstad og E39. Det er konkludert med at det berre er alternativ via Storehaugen som skal arbeidast vidare med. Dette betyr at fv. 57 ved Espelandsdalen også i framtida vil verte den overordna vegutløysinga mot Bygstad, noko som ligg til grunn for denne reguleringsplanen.

#### 3.3.3 Reguleringsplanar

Reguleringsplanen for Espelandsdalen erstattar gjeldande reguleringsplanar så langt denne reguleringsplanen overlappar slike.

Planen støyter inntil eller overlappar desse reguleringsplanane:

Plannamn	Ikraftsetjingsdato	Nasjonal arealplanid.
E39 Storehaugen – Førde	16.02.2023	4647_20210008
Fv. 57 Perhaugen – Storehaug	20.06.2019	4647_143020180001



Figur 3-1: Gjeldande reguleringsplanar ved Espelandsdalen per 02.10.2023 (planar er henta frå [www.kommunekart.com](http://www.kommunekart.com)). For uregulerte område ligg det i hovudsak inne LNFR-område i kommunedelplan, ved det nye veganlegget.

### 3.3.4 Andre rammer og føringar

Det er ei rekke føringar for planlegging gitt direkte i plan- og bygningsloven, som fyl av andre lover eller er gitt av nasjonale og regionale mynde. Døme på aktuelle føringar er:

- [Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging, kgl.res. 14.5.2019](#)
- [Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal og transportplanlegging, 26.9.2014](#)
- [Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag, T-1078](#)
- [Brev frå landbruks- og matminister og kommunal- og distriktsminister om å ta vare på matjorda 23.03.2022](#)
- [Nasjonal jordvernstrategi 2021, fra Prop. 2005 \(2020-2021\)](#)
- [Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing 28.9.2018](#)
- [Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging T-1442](#)

Relevante lover, retningslinjer og liknande er omtalt i samband med ulike fagtema i planomtalen og fagrapportane.



## 4 Føremålet med reguleringsplanen

Når E39 Storehaugen – Førde skal byggast ut, vil det vere naudsynt å grave opp og sprengje ut store mengder jord og stein. Dette er gjort nærare greie for i neste kapittel.

Føremålet med denne reguleringsplanen for Espelandsdalen, er å legge til rette for plassering av deler av masseoverskotet frå E39-anlegget (om lag 100 000 m<sup>3</sup>).


## 5 Masseberekning og alternativsvurdering

### 5.1 Masseberekning

Når E39 Storehaugen – Førde skal byggast ut, er det naudsynt å grave opp og sprengje ut store mengder jord og stein. Totalt estimerer me at det vil vere om lag 1,8 millionar anbrakte kubikkmeter med ulike typar massar som vert genererte i dette prosjektet.


Om lag to tredeler av desse massane vil bli nytta til bygginga av veganlegget. Vidare har Statens vegvesen inngått avtale om å levere 500 000 kubikkmeter til Firda Billag AS, som skal nyttast til å bygge opp nytt næringsområde sør på Bruland.

Fossefallsdiagrammet under syner både dei massane som vert genererte og forbrukte i anlegget. Som ein kan sjå er det eit masseoverskot på om lag 100 000 kubikkmeter. Dette overskotet legg ein gjennom denne reguleringsplanen opp til å plassere i Espelandsdalen. Ein stor del av desse 100 000 kubikkmeterane vil vere andre lausmassar (morenemassar) og utskiftingsmassar (torv).



Figur 5-1: Fossefallsdiagram som syner massar som E39 Storehaugen – Førde genererer med blå farge og forbrukar med oransje farge (tala i diagrammet er millionar anbrakte m<sup>3</sup>).

## 5.2 Alternativsvurdering



Figur 5-2: "Ressurspyramiden" (ill.: Statens vegvesen)

Statens vegvesen meiner at samfunnsnyttig etterbruk av overskotsmassar frå veganlegg er viktig. "Ressurspyramiden" er ein god rettleiar for korleis ein skal jobbe med handtering av overskotsmassar i vegprosjekt.

For E39 Storehaugen – Førde har ein arbeida målretta med å finne fram til god og samfunnsnyttig etterbruk av overskotsmassane. Gitt at me har redusert overskotet så mykje som mogeleg allereie, innanfor det som er vegprosjektet sitt omfang, så har det fyrste ynskje vårt vore å kunne komme nærare balanse, ved å sjå om det finst mogelege samarbeidsprosjekt som me kan oppnå balanse i massane saman med.

Internt i Statens vegvesen har me drøfta om det er andre store eller små prosjekt i nærområdet der ein har masseunderskot og som difor kan vere aktuelle å samkøyre med utbygginga av E39 Storehaugen – Førde. Situasjonen er likevel den at, både for E39 og rv. 5, er dei prosjekta som er aktuelle å sette i gang med i svært liten grad prega av masseunderskot. Bruk av overskotsmassane til andre prosjekt på riksvegnettet framstår difor som lite aktuelt.

Statens vegvesen har også drøfta med Vestland fylkeskommune om det er masseunderskot i prosjekt som dei eventuelt har i nærleiken. For utbygginga av fv. 57 vestover frå Storehaugen er det eit visst underskot på stein, medan det vert generert ein del jordmassar, som følgje av behov for masseutskifting. Vegvesenet og fylkeskommunen har eit godt

samarbeid om kunne samkøyre oppgraderingar på fv.57 samtidig som riksvegutbygginga, og det er sannsynleg at noko av massen frå E39-utbygginga kan nyttast til arbeidet med fv. 57. Sannsynlegvis er det likevel slik at det netto massebehovet for fv. 57-prosjektet er lite. I denne samanhengen ser me difor vekk frå fv. 57 som ei løysing for å handtere overskotet av massar frå E39 Storehaugen – Førde.

Vidare har Statens vegvesen også arbeida med å komme i kontakt med andre aktørar som kan nyttiggjere seg av våre overskotsmassar, gjennom annonsering etter interessantar for massemtak i lokalavisa. Dette har gjeve oss fleire innspel, der me har gått i vidare dialog med dei interessentane som me har sett som mest aktuelle. I denne fasen har me vore opna for dialog med mange av interessentane, men der transportavstanden har vore stor og/eller mogleg massevolum har vore lite, har ein forkasta forslaga utan å gå inn i ein slik dialog.

Dialogen leia til slutt fram til at Firda Billag AS skal ta mot ein halv million kubikkmeter med stein for å etablere eit nytt næringsområde sør på Bruland, som nemnd over.

I tillegg har me på Storehaugen-sida av tunnelen fått innspel frå bønder på Espeland, som ynskjer å nytte overskotsmassar til å utbetre eksisterande tungdriven dyrkamark og å etablere nye areal med dyrkamark der det er skog og beite på sine eigedomar. I tillegg gjev bruk av overskotsmassar her også moglegheiter knytt til optimalisering av fv. 57 si planlagde framføring, slik at denne vegen sine konsekvensar for landbruket vert redusert.


Statens vegvesen meiner at forbetring og nyetablering av dyrka mark vil vere ei samfunnsnyttig etterbruk av overskotsmassar. For akkurat utbygginga av E39 Storehaugen – Førde er løysinga med masseplassering på Espeland også god med omsyn til effektiv transport. Difor har me valt å utarbeide denne reguleringsplanen for Espelandsdalen.

## 6 Planforslaget

### 6.1 Planen sine løysingar

I det vidare er det fyrst presentert nokre skjermdumpar frå prosjekteringsmodell, som gjev ei enkel framstilling av planane tredimensjonalt. Deretter er det gitt ein tekstleg omtale av det planlagde anlegget. Det vert i tillegg synt til vedlagde tekniske teikningar (plan- og profilteikning for fv. 57 og landskapsplan).


#### 6.1.1 Skjermdumpar frå prosjekteringsmodell



Figur 6-1: Planområdet sett frå vest (ill.: Statens vegvesen)



Figur 6-2: Planområdet sett frå sørvest (ill.: Statens vegvesen)



Figur 6-3: Planområdet sett frå aust (ill.: Statens vegvesen)

### 6.1.2 Vegløyising

I den nordlege delen av planområdet er det planlagt ny fv. 57. Planløyisinga tek utgangspunkt i allereie regulert løysing, men det er gjort vesentlege optimaliseringar for å redusere dei negative verknadane som oppgradering av fylkesvegen gir. Som følge av tilgang på massar, samt at ein i arbeidet med E39 Storehaugen – Førde har fått flytta einsidig busslomme til Ospehaugen, har det blitt mogeleg å flytte den nye vegen tettare inn på dagens veg ved Espelandsdalen. Då vert arealtapet for landbruket betydeleg redusert, samtidig som det også vil vere mogeleg å etablere dyrka areal tett inn mot vegkanten. Med den nye løysinga vert også ny fv. 57 langt flatare enn det som tidlegare har vore planlagt.

I tidlegare reguleringsplan låg den eksisterande vegen inne til bruk som gang- og sykkelveg innanfor planområdet. I hovudsak gjeld dette også no, men på eit punkt vert gang- og sykkelvegen lagt i skjering innanfor dagens veg (ca. profil 850), for å sikre at ny fv. 57 gjev minst mogeleg beslag av dyrka mark.

Premissane for vegløyisingane som reguleringsplanen legg opp til, er spesielt gjeve i vegnormal N100 «Veg- og gateutforming», som fastset krav til geometrisk utforming av offentlege vegar i Noreg. Fv. 57 gjennom planområdet føl denne vegnormalen.

Overordna kan ein seie at dei ulike vegane sine krav til geometrisk utforming føl av vegens funksjon, fartsgrense og trafikkmengde 20 år etter opning. Med trafikkmengde meinast gjennomsnittleg tal på køyretøy per døger (ÅDT). For fv. 57 frå Storehaugen og vestover over Espeland, er det berekna at det i 2050 vil vere ein ÅDT på 2 150 køyretøy. 6 % av desse er antatt å vere tunge køyretøy. Fartsgrensa skal vere 80 km/t, som elles for landevegar.

Ut frå dette er riktig dimensjoneringsklasse å utforme fv. 57 i samsvar med Hø1.

### 6.1.3 Terrengforming elles

Sett frå vest vil terrengforminga starte med ein bratt fyllingsskråning mellom eksisterande terreng og traktorveg som går til Slåttebakkane. Denne er bevisst etablert som ei bratt skråning, og ikkje som ei slak skråning der det kan opparbeidast dyrka mark, for å unngå inngrep i myra som ligg lengre mot sørvest, med dei utfordringar og ulemper som dette inneber.

På oppsida av traktorvegen har ein lengst vest bratte skråningar for å fange opp høgdeskilnad mellom traktorvegen og fv. 57, men desse vert gradvis slakare og vert etter kvart så slake at dyrka mark kan etablerast.

Vidare austover i Espelandsdalen får terrenget ei svak dalform med mjuke overgangar til eksisterande dyrka mark.

Når området er oppfylt skal det ferdigstillast med tanke på vidare bruk som jordbruksareal. Området skal gjerast ferdig i samband med bygginga av E39 Storehaugen – Førde. I dette inngår det at området skal vere dekkja med jordmassar og tilsåast for grasproduksjon. Ofte vert det avtalt at grunneigar står for det siste arbeidet, blant anna såing.

Hovudsakeleg vil det bli nytta lausmassar til oppfyllinga i Espelandsdalen. Noko bruk av sprengstein må likevel reknast med, både for å sikre tilfredsstillande stabilitet og dreneringstilhøve. Matjorda som vert teken av i dette området skal også tilbakeførast her. Det vil vere viktig for Statens vegvesen å sikre at den nye dyrka marka vert best mogeleg, innanfor dei føresetnadane som er i området. Det kan vere aktuelt å søke bistand frå til dømes Norsk landbruksrådgjeving for å sikre dette.

### 6.1.4 Overvasshandtering

#### Permanente løysingar

I eksisterande oppdyrka areal på eigedomen 210/4, er det i dag eit lukka dreneringssystem. Etter ynskje frå grunneigar her og grunneigar på naboeigedom i vest, legg planen opp til at det også i framtida vil vere lukka drenering. Dette inneber at det eksisterande lukka systemet vert ført vidare vestover, i forhold til kvar det sluttar i dag, og at det då vil få sitt utløp i kanalen/bekken som renn nedover mot Espelandsvatnet. To sidebekkar vil i samband med dette også bli leia inn på det lukka systemet.



Figur 6-4: Prinsipp for lukka anlegg for overvasshandtering. Eksisterande er synt med mørk blå farge og nytt er synt med lys blå farge (ill.: Statens vegvesen).

Eventuell skadeleg avrenning frå massane som vert plasserte i Espelandsdalen vil skje medan utfylling føregår, men det vil ikkje verte varig skadeleg avrenning. Det er difor ikkje behov for permanente løysingar for å hindre dette frå oppfyllinga i Espelandsdalen.

#### Anleggsfasen

Når masseplasseringa i Espelandsdalen føregår må ein sikre at det ikkje vert avrenning som kan gje skadar på naturmangfaldet. Spesielt gjeld dette med omsyn til naturreservatet ved Espelandsvatnet, som ligg nedstraums for Espelandsdalen.

For å sikre dette er det viktigaste tiltaket ein kan gjere, å avskjere framandvatn så godt som praktisk mogeleg, slik at dette ikkje renn gjennom dei utlagde massane og transporterer med seg ureining vidare nedover i vassdraget. Dette kan til dømes sikrast ved å innleiingsvis i arbeidet etablere det permanente lukka dreneringsanlegget, som omtalt over.

Når dette vert gjort, vil fare for skadeleg avrenning elles, henge saman med nedbør innanfor utfyllingsområdet og det framandvatnet som ein ikkje klarer å avskjere. Det heng vidare saman med kva massar som vert plasserte innanfor planområdet og i kva grad det er potensiale for ureining frå desse. Mellom anna kan sprengstein føre til nitrogenureining, medan jordmassar kan føre til tilgrusning.

Ut frå storleiken på utfyllingsområdet, avstanden til bekk vidare mot Espelandsvatnet, mogelegheit for god avskjering av framandvatn og det at mykje av massane som skal plasserast vil vere lausmassar, er det Statens vegvesen si vurdering at det er liten risiko for skadeleg avrenning.

For å vere føre var, legg me likevel opp til at ein vest for utfyllingsområdet etablerer eit enkelt sedimenteringsbasseng. Dette skal sikre at overflatevatn frå området går gjennom ein sedimenteringsfase, før vatnet går vidare nedover i vassdraget, og vil vere ein barriere mot ureining.



I tillegg vil det verte etablert eit regime med prøvetaking av vassdraget nedstraums utfyllingsområdet. Dette skal verifisere jamleg gjennom anleggsdrifta, at det ikkje vert skadeleg avrenning nedstraums vassdraget, som følgje av oppfyllinga.

Ved at desse tiltaka også er sikra i føresegnene til planen, vil det ikkje vere naudsynt å søke om løyve til ureining etter ureiningslova, jamfør lova sin § 11 fjerde ledd.

## 6.2 Tekniske anlegg i planområdet

### Luftspente straumlinjer

Ei 22 kV høgspenlinje kryssar planområdet i nord-sørgående retning. Planen kjem ikkje i direkte konflikt med denne (inkludert master), men det vidare arbeidet må gjerast i samråd med netteigar, for å sikre at gjennomføring av anleggsarbeidet vert trygt.

### Andre tekniske anlegg

I tillegg til dei tekniske anlegga som er nemnde over kan ein komme i konflikt med enkelte mindre anlegg, som til dømes straumforsyning til enkelteigedomar. Dette vert handtert i det vidare arbeidet med prosjektet.

## 6.3 Arealbruk

Espelandsdalen ligg vest for Storehaugen. I området er det dyrka mark av ulike typar, ein del skog og noko myr. Landbruksarealet er til dels bratt og tungdrive.



Figur 6-5: Espelandsdalen og omkringliggende område, sett frå vest.

## 6.4 Grunnforhold

Det er utført omfattende grunnundersøkingar i Espelandsdalen, og områda lengre vestover på Espeland, i samband med føregåande planlegging i området. Vurderingane som vart gjort då går fram av geoteknisk rapport B11961-GEOT-R01, som er [tilgjengeleg via Statens vegvesen sin database "rapportweb"](#).

Til den planen som no vert laga vurderer Statens vegvesen sin ansvarlege geoteknikkar for prosjektet dette, i forhold til den rapporten som tidlegare er utarbeidd:

Ny avgrensing av masseplasseringa ligg utanfor myrområde der det er registrert stor mektigheit av torv. Området der det no er planlagt for plassering av massar, ligg difor hovudsakeleg på fast morene over berg og fører ikkje med seg geotekniske problemstillingar med omsyn til stabilitet. Ut frå dette er det ikkje naudsynt med ytterlegare geoteknisk prosjektering på reguleringsplannivå.

Oppbygging av vegfyllingar til ny fv. 57 og traktorveg i sørvest vil krevje fortanning i fyllingssåle i følge krav i vegnormal N200. Dette er normal prosedyre ved etablering av fylling i skrånande terreng, og vil bli innarbeidd i geoteknisk rapport som utarbeidast for byggeplan/konkurransgrunnlag.

## 6.5 Landskapsbilete


Landskapet ved Espelandsdalen inngår i landskapsregion 22 Midtre bygder på Vestlandet (Nasjonalt referansesystem for landskap; Puschmann 2005).

Landskapet dannar eit belte mellom fjordmunning og fjell, der U-daler er vanleg. Regionen er prega av store fjordar, langstrakte vassflater og vassdrag som er korte og bratte. Det har store og små område med lauv- og blandingsskog og større område med dyrka mark, særleg grasproduksjon og beite.

I NiN-landskap er området definert som relativt ope dal-landskap under skoggrensa med utbygde område.

### 6.5.1 Omtale landskapsbilete på Espeland

Området der overskotsmasse frå veganlegget skal nyttast til oppfylling av landbruksområde i Espelandsdalen, er lokalisert like vest for Storehaugen og er på omlag 250 moh. Området er dominert av mindre gardsbruk der hovudproduksjonen er husdyrhald og grasproduksjon. Planområdet er plassert i to mindre landskapsrom avgrensa av skogkledde åsar og skogholt.



*Figur 6-6: Området på Espeland er i dag delt inn i to landskapsrom avgrensa av terrengformasjonar og skogholt. Utfyllinga av massar vil knyte saman desse to landskapsromma til eitt samanhengande landskapsrom.*



*Figur 6-7: Espelandsdalen, landskapsrommet innanfor planområdet, består av eit gardstun og samanhengande engareal omkransa av skog.*



Figur 6-8 Espeland, landskapsrommet vest for planområdet, består av eit bakkete engareal som er typisk for kulturlandskapet i området og som omkransar Storemyra, golvet i landskapsrommet.

Delområde	Lokalitetsnamn	Verdi
L1	Espelandsdalen	Delområdet sine komponentar og element med samanhengande grasareal avgrensa av skogkledde åsar gir god balanse mellom heilskap og variasjon. Busetnad konsentrert i einskilde tun gir ein lesbar bygningsstruktur. Samla gir dei nemnte verdikriteria middels verdi
L2	Espeland	Delområdet sine komponentar og element med samanhengande grasareal avgrensa av skogkledte åsar gir god balanse mellom heilskap og variasjon. Busetnad konsentrert i einskilde tun gir ein lesbar bygningsstruktur. Samla gir dei nemnte verdikriteria middels verdi

Delområde L1 og L2 får begge middels verdi for landskapsbilete:

## 6.5.2 Verknadar av planen

Utfyllinga i området skal settast i stand og tilbakeførast til landbruksområde. Området vil difor ikkje ha stor negativ verknad for landskapsbilete. Heilt i aust av område L2, vil det hellande engarealet som er typisk for kulturlandskapet i området blir jamna ut og dette vil gi noko redusert verdi for landskapsbilete for dette delområdet.


Det viktigaste avbøtande tiltaket for landskapsbilete er god landskapsforming av sideterreng og god tilslutning til eksisterande terreng; bl.a. utslakking av skråningar og avrunding av fylling mot eksisterande terreng. Reguleringsplanen og underlaget for denne blir grunnlaget for vidare planlegging og optimalisering i byggeplan. I samband med byggeplan må det lagast detaljplanar for utforming av terreng og gardsvegar m.m.

Eit anna viktig tiltak for landskapsbilete er god handsaming av massar og matjord. Det er viktig at matjordlaget blir handtert på rett måte under anleggsperioden, slik at det gir gode veksttilhøve når anlegget står ferdig. Dette gjeld både matjordlag som skal tilbakeførast til jordbruk, anna sideterreng der ein ynskjer naturleg revegetering og parklikt areal. Sidan veganlegget er nær busetting, bør ein gå aktivt inn å plante til skråningar som er sett av til naturleg revegetering med lauvskog som er vanleg for området. Kanskje ein kan flytte tuer med oppslag av tre frå nærområdet? Samtidig som ein ynskjer å fremme revegetering frå frøbanken som finst i topplaget, føreslår vi at ein sår til med omlag halvparten av frømengda som ein vanlegvis nyttar for å sikre raskare etablering av vegetasjon i desse områda.

Bevaring av vegetasjonsbelte på høgdedrag og langs vassdrag er også eit viktig grep for landskapsbiletet. Det bør i anleggsperioden leggst vekt på at inngrepet i og nær vassdrag og myr blir så lite som mogleg. For at ein skal oppnå god skjerming av veganlegget for omgjevnaden er det viktig at nærliggande skog og krattvegetasjon blir ivareteken under anleggsperioden. Spesielt skog som veks på høgdedraga rundt anlegget. Dette må innlemmast i rigg- og marksikringsplanen.

Det bør stillast krav til landskapsarkitektfagleg kompetanse for vidare planlegging i byggeplan og skildring av landskapstiltak i konkurransegrunnlaget. Dette gjeld både utforming, tilplanting av sideterreng og utforming av konstruksjonar.

Perioden med transport av massar til utfyllingsområdet. Dette vil medføre visuell forureining, særleg for dei som er naboar til området. Ein bør difor søke å gjere tiltak for at arbeidet med utfylling i Espelandsdalen skjer over eit kortare tidsrom enn heile byggetida for E39 Storehaugen – Førde.



Figur 6-9: Illustrasjonsplanen viser masseplasseringa i Espelandsdalen. Det er lagt vekt på god landskapstilpassing med terrengforming av fyllinga som føl dei overordna linene i landskapet.

Verdivurdering: Delområde L1 Espelandsdalen							
Utan relevans	Noko verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi			
▲							
<p><b>Kort skildring med grunngjeving for verdi:</b> Delområdet har god balanse mellom heilskap og variasjon. Engareal omkransa av skog som underbygger dalrommet.</p>							
Påverknad							
	Betra	Lite endring	Noko redusert	Redusert	Sterkt redusert (Øydelagt)		
▲							
<p><b>Grunngjeving:</b> Det er lagt vekt på at landskapstilpassinga av utfyllinga skal følgje hovudforma til eksisterande landskap og tilbakeførast til engareal.</p>							
Konsekvens							
	+++ /++++	+ /++	0	-	--	---	----
▲							
<p>Etter konsekvensvifta gir middels verdi og noko påverknad noko miljøskade (-).</p>							
Verdivurdering: Delområde L2 Espeland							
Utan relevans	Noko verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi			
▲							
<p><b>Kort skildring med grunngjeving for verdi:</b> Delområdet har god balanse mellom heilskap og variasjon. Eit hellande engareal omkransar myra. Landskapsrommet er avgrensa av skogkledde åsar.</p>							
Påverknad							
	Betra	Lite endring	Noko redusert	Redusert	Sterkt redusert (Øydelagt)		
▲							
<p><b>Grunngjeving:</b> Det hellande engarealet som er typisk for kulturlandskapet i området vert jamna ut heilt aust i området. Det er lagt vekt på at landskapstilpassinga av utfyllinga skal følgje hovudforma til eksisterande landskap og tilbakeførast til engareal.</p>							
Konsekvens							
	+++ /++++	+ /++	0	-	--	---	----
▲							
<p>Etter konsekvensvifta gir middels verdi og noko påverknad noko miljøskade (-)</p>							

## 6.6 Friluftsliv, by og bygdeliv

Sentralt for temaet friluftsliv, by og bygdeliv er folk sin bruk og oppleving av både det naturlege og det menneskepåverka landskapet. Inkludert i dette er også byar og tettstader. I dette kapittelet blir berre dei områda som er omfatta av reguleringsplanen skildra. Tilgrensande område som ikkje blir råka av planen vert ikkje omtala.

I konsekvensutgreiinga for Espeland frå 2022 er det berre registreringskategori «ferdsleårer» som har vore aktuelt å vurdere. Kategorien er definert som ferdslesamband som blir nytta av folk til fots og på sykkel (stiar, løyper, gang- og sykkelveggar og liknande).

### 6.6.1 Omtale Espeland (FBB-1)

Espelandsdalen ligg mellom Skilbreivatnet, Espelandsvatnet og fv.57, og er i dag eit jordbruksområde med myr og noko skog. I nærområdet til Espeland/Espelandsdalen finns det i hovudsak spreidd busetting i dag, men det finns eit mindre bustadfelt ved Stølshaugen/Ospeåsen, i tillegg til tre hytter som ligg langs Skilbreivatnet. Det er i hovudsak folk som bur i desse områda som nyttar stiane på Espeland.

Espelandsområdet er ikkje avmerkt i fylkesatlasen som lokalt eller regionalt friluftsområde, men det grensar til store samanhengande lokalt viktige friluftsområde. Området kan difor sjåast på som ein innfallsport til desse friluftsområda, sjølv om det ikkje er noko direkte samband mellom dei i dag.

Det går to mindre stiar gjennom det planlagde deponiområdet. Den eine går ned til elva mellom Espelandsvatnet og Pytten, medan den andre bind saman eit større nettverk av stiar som strekk seg både sørover mot Rabbeberget/Kyrkjefjellet og går over E39 og opp langs Skilbreivatnet. Det er òg mogleg å gå rundt Skilbreivatnet om ein nyttar lokalveggar i området. Dette krev at ein kryssar E39 i plan.






Figur 6-10: Kart over stiar i Espelandsområdet (SVV 2022).

## 6.6.2 Verdivurdering

Ut frå kriteria i Handbok V712 er området på Espeland vurdert å ha noko verdi for tema friluftsliv, by- og bygdeliv då det i hovudsak er lokalt viktige område innafor avgrensinga.



Figur 6-11: Verdikart for delområde FBB-1 (SVV 2022)

### 6.6.3 Utfyllingsområde på Espeland (FBB - 1)

Eit permanent utfyllingsområde på Espeland vil liggje i område der det i dag kryssar to stiar som vert nytta av lokale folk. Området blir endra, og noko av skogen som står innafør reguleringsgrensene, blir fjerna. Dette vil gje ei litt endra oppleving for dei som nyttar turstiane samanlikna med noverande situasjon. Funksjonen for friluftslivet vil bli retta opp når oppfyllinga er ferdig. Turstiane vil antakeleg vis gå i andre traséar enn dei gjer i dag. Intensjonen i planarbeidet har vore at ein skal opparbeide ein sti som kryssar det nye oppdyrka området. For eksempel kan det høve at stien vert opparbeid i grensa mellom 210/2 og 210/4. Slik vertfunksjonen vil bli den same som før.

Tiltaket vil føre til at delområde FFB -1 Utfyllingsområde på Espeland blir lite til noko forringa fordi ein fjernar gamal skog. Den samla konsekvensen bli liten miljøskade (0) for delområdet.

### 6.6.4 Samanstilling

Samanstilling av verdi, omfang og konsekvensar for tema friluftsliv, by- og bygdeliv, er presentert i tabellen under.


Delområde	Verdi	Verknad	Konsekvens	Kommentarar
<b>FBB - 1: Espeland</b>	<b>Noko verdi</b>	Lite - noko forringa	(0)	<b>Liten miljøskade:</b> Opplevinga for dei som brukar stiane blir endra fordi landskapet blir endra, men det blir mogleg å bruke stiane slik dei er brukt før oppfylling av utfyllingsområdet.

## 6.7 Naturmangfald

### 6.7.1 Generell omtale Espeland

Espeland og Espelandsdalen er prega av relativt homogene areal i aktivt bruk til beite eller grasproduksjon. Det ligg to naturreservat i nærleiken av planområdet: Espelandsvatnet og Skilbreivatnet naturreservat. Begge desse er våtmarksreservat med stor verdi som hekke- og næringslokalitet for våtmarksfugl. Gjennom Espelandsområdet renn det ein bekk, kalla Espelandsbekken. Den renn ut i Espelandsvatnet naturreservat.

Innafor planområdet er det identifisert nokre delområde som er viktige for naturmangfald. Nærare omtale av desse områda finns i fagrapporten «E39 Storehaugen – Førde. Fagrapport naturmangfald», 2022.



Figur 6-12: Identifiserte delområde ved Espelandsdalen (SVV 2022).

Tabellen under gjev oversikt og kort beskriving av delområda i og ved planområdet.

Delområde	Namn	Kort omtale
NR 1	Espelandsvatnet	Naturreservat – våtmarksområde fugl med raudlista fugleartar.
NR 2	Skilbreivatnet	Naturreservat – våtmarksområde fugl med raudlista fugleartar
NT 5	Øyane	Naturtype gråor–heggeskog
VA 6	Bekk Espeland	Bekk som renn gjennom myrområde nedafor området som skal fyllast opp. Lite funn av fisk i bekken, dårlege tilhøve for fisk.
VT 10	Vilttrekk Storehaugen	Vilttrekk og leveområde. Viltulykker.
NT 14	Slåttebakkane	Naturtype lågurtospeskog på Espeland. Har hekkebestand av stær.

## 6.7.2 Fugl

I tillegg til dei utskilde delområda med deira kvalitetar for naturmangfald finns det også fleire raudlista fugleartar i nærleiken av, men ikkje innanfor, planområdet.

Av dei viktigaste områda er det Skilbreivatnet naturreservat og Espelandsvatnet naturreservat som er viktige for fleire raudlista våtmarksfuglar, men også Storemyra på Espeland og Slåttebakkane er biotopar som er viktige for mange fugleartar. Spesielt er kantsonene viktige biotopar for fugl på næringsøk.

Tabellen under syner raudlista fugleartar registrert i planområdet (Naturbase, Artskart, Sweco 2022). Det kan og finnes andre raudlista fugleartar i området som ikkje er registrert.

Kategori	Artsnamn
Kritisk truga (CR)	Vipe
Sterkt truga (EN)	Storspove
Sårbar (VU)	Grønnfink, fiskemåke, sothøne, sandsvale
Nær truga (NT)	Stær, taksvale, tjeld, rødstilk, dobbeltbekkasin, småspove.

## 6.7.3 Hjortevilt

Det er observert mykje spor av hjort i Espelandsområdet ved Slåttebakkane (trekk). Karta viser viltpåkøyrslar som underbygger funna av hjortetrekk.




Figur 6-13: Viltpåkøyrslar i områda kring Espelandsdalen i perioden 01.01.2010–01.09.2023 (Hjorteviltregisteret 2023)

#### 6.7.4 Raudlista planteartar

Det er ikkje funne raudlista planteartar innanfor eller like ved planområdet.

#### 6.7.5 Framande skadelege planteartar


Gjennom Sweco sitt feltarbeid sommaren 2022 er det registrert førekomstar av framande skadelege artar på Espeland, noko vest for planområdet. Det er funne kjempespringfrø (SE – svært høg risiko), som synt på kartutsnittet under.



Figur 6-14: Framande skadelege artar registrerte vest for planområdet (Sweco 2022)

### 6.7.6 Verknadar av planen

Reguleringsplanen for Espelandsdalen kjem etter vår vurdering i kontakt med 5 delområde for tema naturmangfald. Desse delområda er omtala i fagrapporten «E39 Storehaugen – Førde. KU Naturmangfald» frå 2022. Områda er verdivurdert etter metodikk frå Statens vegvesen si handbok V712 Konsensanalysen (2021). Figurane under viser kart over delområda og deira verdi.



Figur 6-15: Delområde naturmangfald på Espeland (SVV 2022)

Tabellen gjev ei oppsummering av konsekvensane som er gjort for kvart delområde.

Delområde	Verdi	Verknad	Konsekvens delområde
NR 1 Espelandsvatnet naturreservat	Svært stor	(0)	<b>Ubetydeleg miljøskade:</b> Naturreservatet ligg 350 – 400 meter unna reguleringsgrensa til utfyllingsområdet på Espeland, målt i luftlinje. Vassvegen er lengre, om lag 600 meter. Reservatet blir ikkje direkte råka av tiltaket, men anleggsarbeidet og utfyllingsområdet kan indirekte påvirke reservatet dersom det kjem ureina vatn eller vatn med mykje partiklar og slam ut i vatnet. Tiltaket blir vurdert til å gi ein noko redusert påverknad sjølv om tiltak mot avrenning blir iverksett. Konsekvensen for det valde utbyggingsalternativet vurderast til å ikkje gje noko miljøskade for delområdet.

<b>NR 2 Skilbreivatnet naturreservat</b>	Svært stor	(0)	Området blir ikkje påverka av tiltak på Espeland.
<b>VA 6 Espelandsbekken</b>	Noko verdi	(0)	<b>Ubetydeleg miljøskade:</b> Bekken blir ikkje direkte råka av utfyllinga, men avrenning frå massane kan nå bekken om ikkje tiltak mot avrenning blir iverksett. Konsekvensen blir vurdert som ingen/ubetydeleg fordi bekken sin funksjon for fisk og botndyr ikkje blir øydelagd. Vurderinga legg som føresetnad at det blir etablert tiltak som hindrar avrenning frå deponiet.
<b>VT 10 Vilttrekk Storehaugen</b>	Noko verdi	(0)	<b>Ubetydeleg miljøskade:</b> Tiltaket vil gje noko endring i forholda for vilt. Ny veg kan utgjere ei større barriere for trekk på tvers av vegen. Det er viktig å tenkje på forming av sideterrenget slik at det blir oversiktleg for bilistane for å redusere faren for påkøyrslar.
<b>NT 14 Slåttebakkane</b>	Stor verdi	(0)	<b>Ubetydeleg miljøskade:</b> Naturtypen ligg utafor grensene til utfyllingsområdet på Espeland. Anleggsarbeida kan vere noko forstyrrende for heksesuksess hos starkolonien i området, men det blir ikkje vurdert å utgjere eit stort problem.
<b>Samla vurdering</b>	Planen gjev lite negative konsekvensar for naturmangfald. Avbøtande tiltak for å hindre avrenning til Espelandsvatnet vil vere viktige for å redusere den negative effekten frå anleggsfasen.		

### 6.7.7 Skadereduserande tiltak

KU-forskrifta set krav til korleis førebygge skadeverknadar av eit tiltak. Jamfør § 23 skal KU «beskrive tiltaka som er planlagt for å unngå, avgrense, sette i stand igjen og viss mogleg kompensera for vesentleg skadeverknad for miljø og samfunn både i bygge- og driftsfasen».

#### Skadereduserande tiltak som er inkludert i investeringskostnadane

Gjennom arbeidet med reguleringsplanen har det kome opp tiltak som skal bidra til å redusere den negative påverknaden på naturmangfald. Dette er planlagde tiltak som dermed er teke inn i konsekvensvurderingane. Tiltaka blir innarbeida i plan for ytre miljø (YM-plan) for å sikre at dei blir gjennomført i anleggsfasen.

#### Tiltak for Espelandsbekken og Espelandsvatnet

Det vil bli gjort tiltak for å motverke ureining gjennom avrenninga frå utfyllingsområdet, jamfør tidlegare i planomtalen og føresegnene til planen.

#### Tiltak for å hindre/reducere viltpåkøyrslar

Plassering av massar på Espeland vil ikkje ha effektar på viltpåkøyrslar i området og det vil ikkje bli sett i verk tiltak mot slike ulukker i samband med dette.

## **Skadereduserande tiltak som ikkje er inkludert i investeringskostnadane**

Skadereduserande tiltak som ikkje er medrekna i investeringskostnadane er tiltak som kan gje enno betre tilhøve for naturmangfaldet innafor planområdet, men som ikkje er teke med i konsekvensvurderingane.

### Espelandsvatnet naturreservat

For å ytterlegare redusere faren for avrenning frå dei plasserte massane på Espeland og ut i Espelandsvatnet, kan ein i tillegg til avskjerande grøfter og sedimentasjonsdammar, bruke siltgardiner som ekstra sikring der Espelandsbekken renn ut i vatnet mens oppfyllinga pågår.

### Omsyn til dyreliv

Etablere ny «løe» på Espeland der svarar kan bygge reir. Løa må vere glissen og gi lett tilgjenge for fugl slik at dei kan bygge reir og nytte desse utover våren og sommaren.

### Raudlista artar

På Slåttebakkane finns ein stærkoloni (NT) som hekker i dei store ospetrea. For å bidra til auka hekkesuksess kan ein sette opp fuglekassar i nærliggande skog. Det kan og vere naudsynt å avgrense anleggsaktiviteten i nærleiken av denne kolonien på våren når fuglane hekkar.

## **6.7.8 Naturmangfaldlova, §§ 8-12**

Ved vurdering av om eit tiltak skal tillast eller ikkje, skal prinsippa i nml. (§§ 8–12) blir lagt til grunn som retningslinjer ved utøving av skjønn, jf. nml. § 7. Det skal gjerast ei vurdering av den samla belastninga som naturmangfaldet blir/vil bli utsett for (§ 10). Kostnadene ved miljøpåverknad som vedtaket inneber, skal berast av tiltakshavar (§ 11), og det skal leggest vekt på miljøforsvarlege driftsmetodar, teknikkar og lokalisering (§ 12). Veit ein lite om verknadene av tiltaket, skal føre-var-prinsippet ha stor vekt i saka (§ 9).

### **§ 8 Kunnskapsgrunnlaget**

I denne saka er informasjon om naturmangfald innhenta gjennom tidlegare feltarbeid og feltarbeid utført hausten 2021 og sommar/haust 2022, intervju med offentlege myndigheiter og lokale ressurspersonar, og dessutan nettbaserte innsynsløysingar og databasar. Kunnskapsgrunnlaget er vurdert til å vere svært godt.

### **§ 9 Føre-var-prinsippet**

Det blir ikkje vurdert at tiltaket kan medføre omfattande, uventa miljøkonsekvensar utover det som er vurdert i denne rapporten.

### **§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning**

Det vil ikkje bli auka samla belastning på dei omtalte områda som følgje av utfylling av massar på Espeland.



## § 11 Kostnadane ved miljøføring skal berast av tiltakshavar

Kostnadane ved gjennomføring av tiltak skal dekkast av Statens vegvesen.

## § 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar

Det vil i neste planfase bli utarbeidd både ytre miljøplan (YM-plan) og rigg- og marksikringsplan (RM-plan) som skal beskrive kva areal som må skjermast i anleggsperioden, og dessutan seia kva framgangsmåtar som skal nyttast i byggetida for å redusere dei negative effektane av anleggsarbeidet og korleis sluttresultatet skal vera. Metodane som blir nytta skal omtalast i YM-planen som utarbeidast i samband med byggeplanen. Statens vegvesen svarar for at dette blir gjennomført.

### 6.7.9 Vassdirektivet og vassforskrifta med vurdering § 12


Vassdirektivet og Vassforskrifta skal nyttast til å retta opp igjen god eller veldig god tilstand i alle vassførekomstar i Noreg. Utgangspunktet er at all aktivitet (inkludert byggetiltak) som hindrar ein vassførekomst å behalda eller oppnå god tilstand er forboden etter §4. Viss eit tiltak kan føra til negativ påverknad av vassførekomsten, må ein vurdere tiltaket opp mot § 12 (unntaksparagrafen) i forskrifta. Det kan tillatast ny aktivitet eller inngrep i vassførekomstar viss det blir vurdert at samfunnsnytta er større enn tap av miljøkvalitet, og alle tiltak er sett inn for å avgrensa negativ utvikling av tilstanden til vassførekomsten.

Under blir tiltak opp mot Vassforskrifta vurdert.

#### Espelandsbekken

Bekken på Espeland kan bli indirekte råka av tiltaket dersom avrenning frå massane som plasserast på Espeland renn ut i bekken. Det er naudsynt å sette i verk tiltak som hindrar avrenning frå massane og ut i bekken, som omtalt tidlegare i dokumentet. Bekken vil ikkje få redusert økologisk tilstand som følgje av tiltaket (etter § 4).

## 6.8 Kulturmiljø



Figur 6-16: Oversikt over førhistoriske og nyare tids kulturminne på Espeland (Kjelde: Askeladden).

### 6.8.1 Generell omtale Espeland

Garden Espeland (gnr. 210) ligg mellom Storehaug i aust og Bringeland i vest. Gardsnamnet betyr «ein stad kor det veks osp», og viser truleg til ospeskogen som tidlegare dominerte området (Timberlid 2000:325). <sup>1</sup> Ut frå endinga til gardsnamnet (-land), får vi ein indikasjon om at dette er ein gammal gard, truleg tatt opp ein gong i jernalder. Funn av arkeologiske kulturminne på garden stadfestar dette.

I skriftlege kjelder er Espeland fyrste gong nemnd i ei oversikt over eigedommane til Guddal kyrkje, datert til ca. 1350 (Timberlid 2000:326). Garden skal så ha lagt øyde etter Svartedauden i 1349, og har i tida fram til 1520–63 truleg vore driven som del av garden Åse, då han igjen vart tatt opp som sjølvstendig gard.

### 6.8.2 Førhistoriske kulturminne

Før dei arkeologiske undersøkingane vart gjennomført i 2022, var det ikkje kjend førhistoriske kulturminne på Espeland. Men i sin oversikt over kulturminna i Gaular prestegjeld nemnde arkeologen Per Fett at her ein gong skal ha vore funne «23 Mønter [...] i

<sup>1</sup> Timberlid, J. A. (red.). 2000. *Bygdebok for Gaular. Band VIa. Gardar og folk*. Bygstad sokn.

Jorden» (Fett 1957)<sup>2</sup>. Om funnet skreiv han vidare at myntane ikkje lenger kan identifiserast (dvs. at dei truleg har forsvunne), og at dei ikkje nødvendigvis trong å ha vore førhistoriske.

I samband med reguleringsplanen E39 Storehaugen – Førde gjennomførte Vestland fylkeskommune hausten 2022 arkeologiske undersøkingar i planområdet, jf. kulturminnelova § 9 (Vestland fylkeskommune 2022)<sup>3</sup>. På Espeland vart det avdekka tre førhistoriske lokalitetar (Askeladden ID 294843, 294844 og 294848). I konsekvensutgreiinga for massedeponi på Espeland utgjorde desse tre lokalitetane delområde KA-2 (Statens vegvesen 2022)<sup>4</sup>.

Lokalitet ID 294843 er eit busettings- og aktivitetsområde. Han ligg på nedsida av fv. 57, bruk nr. 1, og lengst nordvest av dei tre automatisk freda lokalitetane som vart registrert her. Ein struktur på lokaliteten er datert til merovingartid (550 – 800 e.Kr.). Her vart òg avdekka fleire strukturar som er tolka å høyre til ein bygning. Kulturminnet er automatisk freda. På lokaliteten vart det dessutan gjort eit funn av ein liten bit keramikk (B18898).

Også lokalitet ID 294844 ligg på bruk nr. 1, men om lag 30 meter søraust for ID 294843. Lokaliteten er antatt å vere eit gravfelt, då her vart påvist tre strukturar som vart tolka som flatmarksgravar. Ein av desse vart datert til vikingtid (800 – 1050 e.Kr.). I sistnemnde grav vart det funne brent bein, i tillegg til fire bitar av brent flint (B18889). Lokaliteten er automatisk freda.

Lokalitet ID 294848 er eit busettings- og aktivitetsområde, som inneheld fleire forskjellige spor etter menneskeleg aktivitet, med dateringar som strekk seg frå yngre bronsealder til høgmellomalder. Lokaliteten ligg på bruk nr. 2, og lengst søraust av dei tre lokalitetane som vart påvist her. På lokaliteten vart det i tillegg gjort funn av rav, bryne, fragment av ein staur og ein del brent bein. Lokaliteten er automatisk freda.

I tillegg til desse tre lokalitetane, registrerte fylkeskommunen ein eldstad frå førromersk jernalder (500 – 0 f. Kr.) på Espeland i 2019 (Askeladden ID 244558) (Sogn og Fjordane fylkeskommune 2018).<sup>5</sup> Lokaliteten vart nærmare undersøkt og deretter frigitt. Denne lokaliteten var del av delområde KA-3 i konsekvensutgreiinga for deponiområdet på Espeland (Statens vegvesen 2022).

### 6.8.3 Nyare tids kulturminne

Gardstuna på bruk nr 1, 2 og 13 utgjer til saman eitt kulturmiljø (KA-1), med ein konsentrasjon av SEFRAK-registrerte bygningar<sup>6</sup> saman med den tilhøyrande innmarka

---

<sup>2</sup> Fett, P. 1957. *Førhistoriske minne i Fjordane – Gaular prestegjeld*. Historisk museum, Bergen.

<sup>3</sup> Vestland fylkeskommune. 2022. *Detaljregulering E39 Storehaugen–Bruland, gnr. 210 m.fl., bnr. 1 m. fl. Sunnfjord kommune*. Kulturhistoriske registreringar. Rapport 53 – 2022. Førde.

<sup>4</sup> Statens vegvesen. 2022. *E39 Storehaugen – Førde. Konsekvensutgreiing kulturarv Espeland*.


<sup>5</sup> Sogn og Fjordane fylkeskommune. 2018. *Reguleringsplan Fv 57 Perhaugen – Storehaug, Gnr/bnr 110/1,2,4,5, 102/3, 111/2. Gaular kommune*. Rapport frå kulturminneregistrering. Førde.

<sup>6</sup> SEFRAK = «Sekretariatet For Registrering Av Faste Kulturminne i Noreg».

(Statens vegvesen 2022). I tunet på bruk nr. 1 er det to SEFRAK-registrerte bygningar. Gamlestova er datert til andre kvartal av 1800-talet (id. nr. 1430-0111-015). I tunet er det òg eit eldhus frå siste kvartal av 1800-talet (id. nr. 1430-0111-016). På bruk nr. 2 er det ei SEFRAK-registrert løe frå 1890 (id. nr. 1430-0111-020).

Bruk nr. 13 er skilt ut frå bruk nr. 2, og har tre SEFRAK-registrerte bygningar i tunet. Den eldste av desse er eit eldhus, som kan vere frå byrjinga av 1600-talet (id. nr. 1430-0111-019). Skulle denne dateringa vise seg å vere riktig, så er bygningen automatisk freda, jf. kulturminnelova § 4. I tunet er det òg eit stabbur og eit våningshus/bustadhus, som begge er datert til 1890 (id. nr. 1430-0111-021 og 1430-0111-022).

Innanfor delområdet (på bruk nr. 2) stod det tidlegare ei SEFRAK-registrert utløe (id. nr. 1430-0111-023), men denne er i dag fjerna. På bruk nr. 1, og 100 m nordvest for den ovanfor nemnde SEFRAK-registrerte bygningen, står det ein tilsvarande bygning. Denne er ikkje SEFRAK-registrert, og er truleg bygd ein gong på byrjinga/midten av 1900-talet.




Figur 6-17: Verdikart for fagtema kulturarv (Statens vegvesen 2022).

#### 6.8.4 Verdivurdering

I samband med reguleringsplanen E39 Storehaugen – Førde vart det i konsekvensutgreiinga for mogleg massedeponi på Espeland definert og verdsett tre delområde (kulturmiljø) (Statens vegvesen 2022). Desse er vist i Tabell 6-1 og Figur 6-17.

Tabell 6-1. Kulturmiljøa på Espeland og deira kulturhistoriske verdi.

Verdivurdering av delområda (kulturmiljø)		
Delområde	Verdi	Verdivurdering
KA-1 Espeland 1	Middels	Gardsmiljøet på Espeland består i hovudsak av relativt vanlege gardsbygningar frå 1800-talet, men som er halde i god stand. Eldhuset på bnr. 13 kan vere frå byrjinga av 1600-talet. Kulturlandskapet er velhalde, og utgjer ein viktig del av heilskapen til kulturmiljøet. Delområdet er vurdert å ha middels verdi.
KA-2 Espeland 2	Stor	Delområdet består av tre automatisk freda kulturminne, ein nyare tids bygning og kulturlandskapet som kulturminna ligg i. Kunnskapverdien til dei tre kulturminna er stor. Dei automatisk freda kulturminna vert difor vurdert å ha stor verdi, medan bygningen og kulturlandskapet er meir vanlege, og er vurdert å ha noko verdi.
KA-3 Espelandsdalen	Noko	Delområde KA-3 Espelandsdalen består av tunet til bruk nr. 4, med tre gardsbygningar (men ingen av desse er SEFRAK-registrerte), saman med kulturlandskapet ikring. I det same området låg det tidlegare også ein automatisk freda eldstad, men denne er fjerna. Kulturminna er vanleg førekommande, og delområdet er difor vurdert å ha noko verdi.



Figur 6-18: Oversikt over automatisk freda lokalitetar avdekkja ved arkeologiske registreringar i 2022 (markert med oransje i kartet). Den austlegaste av desse (Askeladden ID 294848) vil komme i konflikt med den planlagde oppfyllinga og framføringa for fv. 57 (Illustrasjon: Statens vegvesen).

### 6.8.5 Verknadar av planen

Planlagd tiltak på Espeland vil komme i direkte konflikt med den austlege delen av delområde KA-2 og storparten av delområde KA-3 (sjå Figur 6-18 ovanfor). Den automatisk freda lokaliteten ID 294848 (på gnr. 210/2) ligg innanfor det området som skal planerast

ved Espeland, og det vil verte konflikt med dette kulturminnet, jf. kulturminnelova §§ 3 og 4. Planlagd tiltak vil ikkje kunne gjennomførast utan at det automatisk freda kulturminnet er dispensert for, jf. kulturminnelova § 8, 4. ledd.

Dei andre automatisk freda lokalitetane på Espeland vil ikkje verte direkte råka av denne planen, men tiltaket vil ha negativ påverknad gjennom støy, støv og rent visuelt på alle kulturminna i området i anleggsfasen.

### 6.8.6 Skadereduserande tiltak

For delområda vil tiltak i anleggsfasen kunne gi negative konsekvensar ut over det permanente tiltaket. Negativ påverknad kan vere i form av visuell påverknad, støy og støv knytt til anleggsarbeid og trafikk, samt mellombels riggområde, anleggsvegar og masselagring som kan påverke og gjere permanent skade på kulturminne og arkeologiske lokalitetar. Som eit utgangspunkt må ein unngå konflikt med kulturminneverdiar ved plassering av mellombels anlegg.

Merking av kulturminne: Tiltaket vil medføre fleire store terrenginngrep i område kor det er kjent både førhistoriske og nyare tids kulturminne. For å unngå skade på dei kulturminna som skal bevarast, vil det vere viktig å merke dei i anleggsperioden. Slik merking vert gjort i samråd med kulturminneansvarlege hjå Vestland fylkeskommune.


## 6.9 Naturressursar

Området på Espeland der det skal plasserast overskotsmassar, ligg i eit jordbruksområde med blanda busetnad. Her er både gardar, spreidd busetnad og eit bustadområde. Det ligg to gardar heilt inntil oppfyllingsområdet. Desse har privat vassforsyning. Det er ikkje registrert grus- og pukkressursar innafor planområdet.

På Espeland er det skilt ut eit delområde innan registreringskategorien jordbruk.

Ressursområde RO3 Espeland er hovudsakeleg eit fulldyrka område der det er grasproduksjon og noko beite. Nedst i området er det myr, og det går eit par bekkar gjennom området. Myra er delvis grøfta, og vatnet frå området drenerer ut i Espelandsvatnet som er eit naturreservat. Ein liten del av delområdet er i dag vakse til med skog.

Delområde	Namn	Kategori	Kort omtale
RO 3	Espeland	Jordbruk	Jordbruksområde med større myrførekomstar og noko skog.



Figur 6-19: Delområde på Espeland (SVV 2023)

I følge Noregs nasjonale grunnvassdatabase (Granada) finst dei brønnane som er lista opp i tabellen under og som er synt i kartet over, i Espelandsdalen og omegn.


Brønnummer	Eigedom	Djupne	Boredato	Kort omtale
1	210/5	65 m	01.01.1976	Fjellbrønn nr. 18511. Svært dårleg kvalitet. Bruker gammal lausmassebrønn i staden.
2	210/4	48 m	06.11.1997	Fjellbrønn nr. 28224. Gardsbruk. Vassforsyning.
3	210/2 (?)	200 m	15.11.2016	Fjellbrønn nr. 97987. Enkelthushaldning, energibrønn.
4	210/14	90 m	30.09.2005	Fjellbrønn nr. 38646. Enkelthushaldning, vassforsyning.
5	210/2	37 m	01.01.1981	Fjellbrønn nr. 18510. Enkelthushaldning, vassforsyning.
6	210/26	180 m	30.10.2013	Fjellbrønn nr. 82461. Enkelthushaldning, energibrønn.

### 6.9.1 Verdivurdering Espeland

#### RO 3 Espeland

Områda med drikkevassbrønner er på Espeland ikkje skilt ut som eige område men inngår i det samla delområdet. Kvar enkelt brønn har like vel fått ein eige verdi. Ut frå metodikken i handbok V712 får desse brønnane **noko verdi** for tema naturressursar.

Verdien av jordbruksareala på Espeland er henta frå NIBIO (2022). Når ein legg metodikken frå handbok V712 til grunn får alle dei mindre jordteigane innafor planområdet samla sett **middels verdi** for jordbruk.



Figur 6-20: Verdikart naturressursar Espeland (SVV 2023)

## 6.9.2 Konsekvensanalyse delområde

Tabellen under gjer ei oppsummering av vurderingane som er gjort for delområdet på Espeland i analysen

Delområde	Verdi	Verknad	Konsekvens delområde
<b>NR 3 Espeland</b> Jordbruk og grunnvassressurs	Middels verdi	(0/+)	<p><b>Noko positiv konsekvens:</b> Oppfyllingsområdet vil dekkje noko av det opphavlege jordbruksarealet. Jordbruksareala skal reetablerast over dei plasserte massane når oppfyllinga er ferdig. Dette vil betra tilhøva for jordbruk fordi ein gjer området flatare og betre for maskinkøyring. Ein vil og kunne ta i bruk område som i dag ikkje blir nytta til jordbruk. Kvaliteten på det reetablerte jordbruksarealet vil avhenge av at ein bygger opp matjorda på korrekt måte. Totalt sett blir tiltaket vurdert å gje ei noko betre utnytting av jordbruksareala, i forhold til opphavleg reguleringsplan i området.</p> <p>Drikkevassbrønnane er vurdert å ha noko verdi, men det vil vere mogleg å erstatte slike brønner dersom dei i anleggsfasen skulle bli øydelagd av anleggsarbeidet. Brønner som blir øydelagde som følgje av anlegget, skal erstattast av utbyggjar.</p>



<b>Samla vurdering</b>	Utbygginga vil gje noko positiv konsekvens for jordbruksressursane i området når oppfyllinga er ferdig og ein har reetablert jordbruksareal over oppfylt område.
------------------------	--

## Uvisse

I konsekvensutgreiinga er det lagt til grunn at det let seg gjere å bygge opp att jordbruksarealet på ein god måte. Det er ei føresetnad at dette blir vellukka og at det gjerest på riktig måte for at areala skal kunne drivast på ein god måte.

## Konsekvensar i anleggsperioden

Utbygginga av E39 Storehaugen – Førde vil ta om lag seks år, der driving av tunnelen tek i underkant av tre år. Det er også i løpet av denne fyrste delen av anleggsperioden at oppfyllinga i Espelandsdalen vil skje. Statens vegvesen meiner det er uheldig viss oppfyllinga her vert strekt ut over fleire år, og vil gje føringar i konkurransegrunnlaget for utbygginga om ein bestemt periode som oppfyllinga må utførast innanfor.

I løpet av denne perioden vil det vere fleire operasjonar som kan føre til midlertidige ulemper:

- Ingen tilgang til å drive jordbruksområda for grunneigar/drivar i området medan anleggsarbeida pågår.
- Anleggsaktivitet som øydelegg/reduserer vasstilførsla til bebruarane i områda der det er sprenging eller graving.

## 6.10 Naturfare

Innanfor planområdet er det ikkje registrert nokon aktsemds- eller fareområde i følgje NVE Atlas per 2. november 2023.

## 6.11 Byggegrense

Byggegrenser langs fv. 57 er ikkje definert i reguleringsplanen. Difor gjeld den generelle byggegrensa i veglova § 29 for veganlegget.

## 6.12 Støy

### 6.12.1 Støy frå ny veg

Det er utarbeidd støysonekart som syner situasjonen med dagens veg og med nytt veganlegg i samband med planlegginga av E39 Storehaugen – Førde. Fagrapport for støy er utarbeidd av konsultentselskapet Efla AS. Rapporten ligg vedlagt planen og utdjuar innhaldet som er samanfatta her, i tillegg til å gjere greie for metodikken for berekningane.

Vurdering av støy og støytiltak tek utgangspunkt i retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging T-1442/2021 frå Klima – og miljøvern departementet og NS

8175. Tilhørende rettleiar M-2061 og policynotat for handsaming av støy i Statens vegvesen utdjuvar retningslinjene det er vist til.

Langs eksisterande veg er det anna regelverk, her er det ureiningsforskrifta kapittel 5 som set krav til støynivå (42 Lden innandørs støy).


Støysonekartlegginga er basert på trafikkprognosar 20 år etter opning (år 2050) for det planlagde veganlegget. Støysituasjonen vert berekna som ein gjennomsnittsverdi, såkalla Lden, over døgnet og over året, inkludert ekstra tillegg om kvelden og natta.

For dei bustadane som kjem over dei aktuelle grenseverdiane, er det lokale støytiltak som er det aktuelle. Skjermingstiltak på dei enkelte støyutsette eigedomane og bygningane vil typisk vere fasadeisolering og/eller å etablere ein skjerma uteplass.

Støyberekninga som er gjort no viser bygningar som kan ha støybelastning over dei tillatne grenseverdiane for støy, frå ny fv. 57. Desse bygga skal ein vurdere nærare for å klarlegge utforming av ev. støyreducerande tiltak. Sjølv om det vert gjort nærare vurdering, så er ikkje dette einstyddande med at tiltak skal etablerast.

For bustader er målet at innandørs støy i opphaldsrom og soverom kjem under 30 Lden (jf. NS 8175) og at ein eigna uteplass har støy under 55 Lden. For fritidseigedomar er det berre mål for støy på uteplass. Fastsetting av støytiltak krev synfaring av det enkelte bygg med nærare berekningar av støy på dei ulike fasadane, berekningar av innandørs støynivå og støy ved uteplass. Dette blir utført i samband med byggeplanlegginga.

Kartet under syner støysoner for situasjonen i 2050 med dagens veg og med ny E39.



Figur 6-21: Støysonekart med ny E39 og fv. 57 i 2050 ved Espelandsdalen.

Som det går fram av kartet er det ein eigedom (210/9) sin ligg innanfor gul eller raud sone langs fv. 57 innanfor planområdet. Her er det estimert at det vil vere ein Lden på 59 dB etter realisering av veganlegget, rekna i 2050-trafikkmengde, som er tilsvarande støy som denne eigedomen har i dag.


### 6.12.2 Støy i anleggsfasen

Kapittel 6 i T-1442/2021, skal leggest til grunn for utarbeiding av støyprognose og vurderingar/tiltak knytt til støy i anleggsperioden. I følge T-1442/2021 bør det utarbeidast støyprognose for forventa bygge- og anleggsstøy. Dette blir gjort når prosjektet skal gjennomførast og ein har teke stilling til korleis ein organiserer anleggsdrifta. Kor langvarig anleggsarbeidet er har betydning for krav til støynivå.

## 6.13 Klimagass

Det totale estimerte klimagassutsleppet for utbygging av fv. 57 og massedeponi på Espeland er 1738 tCO<sub>2e</sub>. Den største kjelda til klimagassutslepp er arealbruksendringar (1602 tCO<sub>2e</sub>), fordelt på myr, skog og jordbruk. Ei anna kjelde til klimagassutslepp er vegoppbygging av fylkesvegen (136 tCO<sub>2e</sub>).

Utsleppskategoriar	tCO <sub>2e</sub>
Arealbeslag (A5)	1602
Materialproduksjon (A1-A4) + Utbygging (A5)	136
<b>Totalt</b>	<b>1738</b>



Figur 6-22: Fordeling av estimert klimagassutslepp for planen. For arealbeslag er type areal synt.

Klimagassberekningane er utført i VegLCA og det er nytta standard utslepps- og berekningsfaktorar. For meir informasjon om berekning av klimagassutslepp og grensesnitt til Storehaugen – Førde, sjå planomtalen for E39-anlegget. I berekningane for planen er det ikkje inkludert utslepp frå transport av massane som leggest på deponi, dette utsleppet er lagt til regulingsplanen for Storehaugen – Førde.

Ein av de største usikkerheitene i prosjektet er klimagassutslepp frå arealbruksendring, spesielt frå myr. Det er stor usikkerheit knytt til kor mykje areal og djupne på myr som faktisk vil inngå i arealbeslaget. Djupne er basert på totalsonderingar, myrstaging og prøvetaking i kvart enkelt borepunkt. For registrert myr i kartlaget AR5 data føreligg det ei boring på 2,45 m myr djupne og dette er brukt i berekningane. Det er usikkerheit til myr djupna, da det er sannsynleg at det vil være variasjonar i myr djupne. Andre boringar innafor planområdet, men som er registrert på skog eller dyrka mark viser grunnare overgang (ca. 0,5 m) frå organisk til mineralsk jord. I tillegg er overgangen frå myr til mineralsk jord vanskeleg å tolke og det er derfor også uvisse knytt til sjølve målingane som er gjennomført. Det er fleire faktorar som spelar inn på utslepp frå myr, blant anna korleis det påverkar grunnvasstand, dreneringsforhold og kompaksjon, samt mengde karbon lagra i bakk og vegetasjon. For å ta høgde for denne usikkerheita er det tatt utgangspunkt i eit komplett klimagassutslepp frå heile det påverka myrområdet, inkludert midlertidig arealbeslag. Det er også usikkerheit i berekningane av utslepp frå asfalt som følgje av korleis den teknologisk utvikling bidrar til lågare klimagassutslepp og val av berekningsmetodikk.

## 6.14 Risiko, sårbarheit og sikkerheit

Det er gjennomført risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) i samsvar med kravet i pbl. § 4-3. ROS-analysen er dokumentert i vedlagt rapport, medan det her vert presentert ei kort samanfating.

ROS-analysen er gjennomført ved at det fyrst er gjort ei innleiande farekartlegging der relevante farar vert tekne med vidare til ei vurdering av sårbarheit. Farar som vert vurdert med moderat eller høg sårbarheit, vert vurdert i ei detaljert risikoanalyse.

Analysen har identifisert at planområdet er moderat sårbart for akutt forureining og transport av farleg gods. Difor er det gjort risikoanalyse med omsyn til dette.

Ein har då komme fram til at det er uakseptabel risiko knytt til fare for ureining i anleggsfasen og at det må settast i verk tiltak for å handtere dette. Det er forankra i føresegnene til planen at tiltakshavar må syte føre naudsynte tiltak. Det vil ikkje vere mogeleg å vere spesifikk på kva tiltak som skal gjennomførast, då dette må gjerast i samråd med entreprenør, blant anna ut frå kva type maskinar som vert nytta til arbeidet.

Vidare har ein komme fram til at det bør vurderast tiltak for å redusere risiko knytt til uhell med transport av farleg gods, for å hindre at dette kan føre til ulykker med dødeleg utfall. Det er Statens vegvesen si vurdering at slik anlegget er tenkt utforma, med breie, moderne grøfter og open drenering, så er naudsynte tiltak allereie implementerte i prosjektet. Desse dreneringsprinsippa vil sikre at eventuelle lekkasjar får ei veldig konsentrert oppsamling geografisk, samtidig som den opne dreneringa gjer at ein får gode forhold for fordamping.

I ROS-analysen er det elles sagt at dersom system for oppsamling av overflateavrenning frå fylkesvegen som hindrar at utslepp frå farleg gods når Espelandsvatnet naturreservat, kan etablerast utan betydeleg ressursbruk, bør dette vurderast. Den samla risikoen for miljø for ei hending der ein har uhell med farleg gods er vurdert å vere låg. Tiltak for å redusere risikoen ytterlegare vil vere å etablere heilt eller delvis lukka dreneringssystem, med

oljeutskiljar eller liknande. Dette vil vere såpass ressurskrevjande at Statens vegvesen si vurdering er at det ikkje bør gjerast særskilde tiltak for å motverke at utslepp frå farleg gods skal nå Espelandsvatnet naturreservat.

## 7 Sikkerhet, helse og arbeidsmiljø (SHA) og ytre miljø (YM) i byggefasen

I samband med byggjeplan/konkurransgrunnlag vert det utarbeidd planar for SHA og YM.

SHA-planen er byggherren sitt verktøy for å sikre at risikotilhøva i samband med byggje- og anleggsarbeida vert handterte på forsvarleg måte i høve byggherreforskrifta. YM-planen skildrar prosjektet sine utfordringar knytt til ytre miljø og korleis desse skal handterast. Dokumenta skal hjelpe byggherren med å ivareta byggherreforskrifta og miljøkrav i lover og forskrifter.

SHA-plan og YM-plan skal utarbeidast i samband med utarbeiding av byggjeplan/konkurransgrunnlag. Desse planane vil resultere i konkrete tiltak som skal innarbeidast i konkurransegrunnlaget.

### 7.1 SHA

For Statens vegvesen er det kritisk at vi utviklar og planlegg prosjekta våre på ein slik måte at risikoen for tap av liv og helse for dei enkeltpersonane som skal stå for bygginga, vert så liten som mogeleg. For å sikre dette for prosjektet, ikkje planen, E39 Storehaugen – Førde har me arbeida med SHA som eit særskild tema i planlegginga. Dette vil også omfatte arbeidet som skal utførast i Espelandsdalen.

På bakgrunn av dette har ein ikkje avdekka særskilde risikoar for arbeidet med utfylling i Espelandsdalen. Dette tyder at det er generelle aspekt knytt til blant anna grunnforhold som vil vere det viktigaste her. Reguleringsplanen avgrensar ikkje arbeidet slik at generelle risikoforhold vert påverka spesielt her.

### 7.2 YM

I tabellen nedanfor er det lista opp spesielle miljøutfordringar som det skal jobbast vidare med når YM-plan vert utarbeidd. YM-planen blir utarbeidd for tiltaka i både denne reguleringsplanen og reguleringsplanen for E39 Storehaugen – Førde. Difor er tiltak som gjeld heile prosjektet og begge reguleringsplanane tatt med i oppstillinga under.

Tema	Problemstillingar og vurderingar
Støy	Avklare utforming av permanente støytiltak og eventuelt supplerande støytiltak i anleggsperioden, i tråd med T-1442.
Luft- forureining	Handtering av støv frå massetransport og -utlegging i anleggsperioden, jf. retningslinje frå klima- og miljøverndep.
Kulturarv	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Omsyn registrerte kulturminne.</li> <li>• Beredskap mht. funn av kulturminne som ikkje er avdekka på førehand.</li> <li>• Utgraving av lokalitet på Bruland før anleggstart</li> </ul>
Natur- ressursar	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Reetablering jordbruksareal, mellomlagring, permanent masselagring.</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Dokumentasjon av kvalitet, jordprøver som syner kvalitet på jordbruksareal før/etter anleggsarbeid</li> <li>• Detaljert massehandteringsplan som m.a. viser type massar, mengder, handtering og bruk av desse.</li> <li>• Behov for mellomlagring, istandsetting av område. Areal der det er plassert steinmassar permanent skal bli dekket til av jord.</li> <li>• Matjord som i anlegget fjernast skal nyttast som vekstmedium på jordbruksområde. Krav til handtering og lagring av matjordmassar slik at dei ikkje vert forringa. Naudsynt kompetanse skal involverast ved planlegging av nye jordbruksareal og etablering av vekstlag på desse. NIBIO sin rettleiar kan nyttast.</li> <li>• Det kan vere aktuelt å flytte massar frå Bruland til Storehaugen, dersom det er overskot av massar på denne sida.</li> <li>• Etablere skrinne sideareal/vegfyllingar, samtidig som det må vere nok vekstmedium til å få vegetasjonsdekning i eit landskapsperspektiv.</li> <li>• Opplegg for overvaking av private grunnvasskjelder(kvalitet/kapasitet) i samband med anleggsarbeidet (før, under og etter). Plan for korleis ein skal erstatte drikkevasskjelder som vert/er i fare for å verte øydelagde som følgje av veganlegget. Beredskap for mellombels vassforsyning der det er naudsynt</li> </ul>
Natur- mangfald	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utslepp/tilsig av steinstøv og anna frå elv og bekkar med utløp i Espelandsvatnet</li> <li>• Kartlegging og handtering av massar med framande skadelege arter i samsvar med gjeldande retningslinjer</li> </ul>
Forureining til jord og vatn	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Det skal gjerast naudsynte tiltak for å hindre skadeleg avrenning og ureining frå anleggsområde og masselager til omgivnadene. Det kan mellom anna vere krav til avstand til resipientar, sedimentasjonsbasseng, avskjerande grøfter, krav til kor ein driv maskinvask og vedlikehald, krav om absorpsjonsmateriale i maskinar m.m.</li> <li>• Fare for forureining frå salting av vegar – verknader/tiltak</li> </ul>
Landskap	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Terrengforming: Utforming av sideterreng, fylling og skjering. God landskapstilpassing til sideareal.</li> <li>• Vegetasjonsetablering: Vi skil mellom naturlik og parklik vegetasjonsetablering. Ein skal aktivt etablere vegetasjon i områda som er sett av til naturlik vegetasjon, i kombinasjon med naturleg revegetering.</li> </ul>
Klimagass	Utbyggingsprosjektet skal bidra til å oppfylle målsetting om redusert klimagassutslepp frå vegsektoren. Klimagassbusjett/rekneskap i alle fasar av prosjektet, VegLCA. Mekanismer i konkurransegrunnlag er krav til nullutsleppmaskiner og maks utslepp frå materialar (eks. stål og betong som er klimagassdrivande i dette prosjektet) er aktuelle
Bærekraft- sertifisering	Kontraktskrav om at entreprenør skal sertifisere utbygginga etter bærekraftsertifiseringsystemet Breeam Infrastructure eller tilsvarende system, og skal oppnå nivå «very good» eller betre.
Flaum	Dersom anlegget legg beslag på myr som har funksjon som areal for dryging av flaumvatn/overvatn vil dette kunne endre flaum- og overvasstilhøva i området. Vurderast i det vidare planarbeidet.  Erosjonssikring av konstruksjonar og liknande under flaumnivå

## 8 Arealbeslag

### 8.1 Permanent og mellombels eigerserverv

Tabellen syner oversikt over arealinngrep for dei enkelte eigerservane innanfor planområdet, fordelt på høvesvis permanent erverv av areal til fv. 57 og mellombels erverv for å kunne gjennomføre utfylling i samband med bygginga av E39 Storehaugen – Førde.

Gnr.	Bnr.	Permanent erverv (om lag m <sup>2</sup> )	Mellombels erverv (om lag m <sup>2</sup> )
210	2	6 135 m <sup>2</sup>	28 460 m <sup>2</sup>
210	4	4 278 m <sup>2</sup>	34 059 m <sup>2</sup>

### 8.2 Endra arealbruk

Tabellen syner oversikt over arealbeslag som planen fører til, målt mot arealtype i AR5:

Arealtype (AR5)	Arealbeslag
Overflatadyrka jord	10,9 daa
Fulldyrka jord	26,4 daa
Innmarksbeite	7,0 daa
Skog	13,7 daa
Myr	15,3 daa
Open fastmark	2,1 daa
Samferdsle	3,6 daa

Etter realisering av planen vil planområdet bestå av om lag 16 dekar med ulike samferdsleføremål. Resterande 63 dekar er regulert med LNF-føremål og vert i hovudsak stelt i stand som fulldyrka jord.



## 9 Vedlegg

- [Plan- og profilteikningar fv. 57](#)
- [Landskapsplan masseplassering](#)
- [Risiko- og sårbarheitsanalyse](#)
- [Geoteknisk rapport](#)
- [Fagrappport støy](#)
- [Fagrappport kulturarv](#)
- [Fagrappport naturmangfald](#)
- [Fagrappport naturressursar](#)
- [Fagrappport landskap](#)
- [Fagrappport friluftsliv, by- og bygdeliv](#)